

Bedrifter fekk tips om korleis utvikle FoU-prosjekt og skaffe finansiering

Kompetansmegling er ei ordning der ressurspersonar hjelper bedrifter med å utvikle og setje i gang FoU-prosjekt. Målet er å skape nye og forbetra teknologiar, produkt og tenester. Det er fylkeskommunen som koordinerer ordninga.

PUBLISERT 13. JUN. 2024



Kompetansmeklarane Katrine Hatrem Hast og Lisa Kolden Midtbø

Sju fagmiljø frå ulike innovasjonsselskap, næringshagane og forskingsmiljø utfører kompetansmeglinga som er ei gratis rettleiingsteneste.

Kompetansmeglarar i Vindel og Møreforsking arrangerte i starten av juni ein prosjektverkstad på Smøla. Nær 50 bedrifter på Nordmøre fekk informasjon og tips om korleis identifisere og setje i gang innovasjonsprosjekt, skaffe finansiering og knyte seg til eigna forskingsmiljø.

[Les om kompetansmeklarordninga på nettsidene til Møre og Romsdal fylkeskommune.](#)

Meldinger ved utskriftstidspunkt 13. juni 2026, kl. 03.18 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.